



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 22/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S587 - Nørre Gile - Nytt sæl

Eigar av S587 – Aslag Hamre søkjer om å rive eit eldre sæl som skal erstattast med nytt. Det er allereie eit anna sæl som vart godkjent i 2006 – som er oppgjeve til 74 m2 BRA. Det sælet som no ynskjes erstatta er innmålt av fjelloppsynet (august 2022) og har ytre mål: 8,54 x 7,18 m. Det inneber at det har arealet 61,3 BYA. Dersom ein legg på auka isolasjonskrav som er vanlig i dag (+ 10 cm på kvar vegg) – gjer dette eit totalareal på 64,5 BYA. Innmålt høgde er 4,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

Dette bygget er sett opp på 40 –talet og modent for utskifting etter søkjer sitt syn. Han presiserer og at det gamle bygget ikkje har bad – noko det sjølvsagt er eit ynskje om i dag. Dette bør då komme i tillegg til opphavleg storleik etter han syn. Søkjer opplyser at det er drift på garden/stølen. Det var ammekyr der til og med i 2021, no er det for-produksjon og hest som er drift, samt tilleggsnæring med bier.

Bygget er opplyst i byggeteikningar til å vere 65,2 m2 BYA (ulike lengdar på vegger, så administrasjonen forhold seg til dette talet), men ved kontrollmåling er det her ikkje take med det areal som inngår pga «understøttande stolpe». Ved slik stolpe skal alt inn til og med stolpen reknast med, og då vert arealet 70,3 m2 BYA

Denne saka er sendt på høyring 08. juni 22, og det vart sendt puring til nokre mottakarar den 09. august 22.

Det er komme inn følgjande høyringssvar:

Vestre Slidre kommune v/ landbruksavdelinga:

Landbrukskontoret i Vestre Slidre kan bekrefte att Aslag Hamre har landbrukseiendom med for sal og pr .01.03.2022 hadde han 3 stk. hester over 3 år. Som han søkte produksjons tilskudd for. 01.10.2021 søkte han om tilskudd til 6 amme kyr.

Statskog:

Statskog er av den oppfatning at eventuelle nye bygninger bør tilpasses stølenes noe enklere stil og ikke ligne på fritidsbolig. I denne søknaden så er driften med ammeku nå avvirket. Stølsbrukeren har etablert bie-produksjon på stølen. Statskog ber fjellstyre vurdere behovet, jf. § 10 i seterforskriften før det fattes vedtak.

Innlandet fylkeskommune

Enno ikkje motteke uttale.

Vurdering:

Stølsforskriften § 10 ligg til grunn for avgjersle:

§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Når det gjeld krav til drift er dette oppfylt. Ang vurdering av behov, vil dette i fyrste rekke gå på rettigheita til å kunne bygge opp att det som allereie står der. Den politikken har vore ført i Vestre Slidre gjennom mange år. Om ein skal tillate eit større bygg enn det som allereie er ført opp, er ei vurderingssak ein må sjå på gjennom denne saka.

Utforming av bygg:

Slik stølsforskriften er vedteke, gjeld det vilkår om at nye/endringar av bygg skal i utgangspunktet ikkje påverke eksisterande kulturmiljø i vesentleg negativ grad.

Følgjande er vedteke i ny kommuneplan (2022-2030)

7.2.1.1 Hensynssonenamn H_570_1

Dette gjeld Stølsvidda- utvald kulturlandskap og omfattar Vestre Slidre statsallmenning utanom Vaset. I dette området skal det bli førd ein streng dispensasjonspraksis. Bygge- og anleggstiltak som har direkte samband med næringa er tillate.

Reglar for utnytting av fritidsbustader skal og gjelde for sælet på dei stølar som ligg inne i området. På dei stølar der ein får tillatelse til å etablere kårsæl, så skal dette begrensa til maksimal BYA=60

kvadratmeter. Dette kjem i tillegg til utnyttingsgraden for hovudsælet.

Vidare gjeld og generelle reglar for byggeområde/utforming samt terrenginngrep for hytter/sæl. Stølshus som sæl, stall/fjøs, løer og naust eldre enn 1950 bør i størst mogleg grad takast vare på og ikkje rivast. Eksteriøret bør så langt som mogleg oppretthaldast sitt opphavlege preg. Vindauge, tak og kledning bør takast vare på, og ikkje endrast. Om endring er naudsynt skal det nyttast gode kopiar. Ved slike endringar bør det hentast inn uttale frå regional kulturminneforvalting.

Det er utheva eige punkt om reglar for utnytting også gjeld stølar. Eit kårssel skal i utgangspunktet ikkje vere større enn 60 m² ifølgje reglar for omsynsone.

I denne saka kan ein drøfte om det er eit kårssel det bygget som vart nybygd for over 10 år sidan på 74 m² BRA, eller om ein berre kan definere det minste bygget som «kårsel».

I tillegg må ein vurdere om dette skal få tilbakeverkande kraft på oppføring av eldre bygg pånytt – noko det ikkje bør få etter administrasjonen sitt syn.

Første vurderingspunkt er om fjellstyret skal halde fast ved politikken om at det er kun ved mjølkekyr at ein har trong/behov for kårsel. Dersom dette står fast må ein vurdere dette opp i mot dei som allereie har kårsel – korleis handsamer ein dei når dei ynskjer å utvide eksisterande kårsel til eit større når dei ikkje lenger har mjølke drift.

Ut i frå vedteken kommuneplan, og fjellstyret sin politikk om at det er kun ved mjølke drift ein får kårsel – må dette forstås slik i dag at dersom ein som har mjølke drift ynskjer å bygge seg kårsel - kan dette ikkje vere større enn 60 m²BYA. Dette om ein skal halde seg til vedtekne planer.

Er det då riktig å tillate at dei som har eit eldre kårsel faktisk får bygge større enn det dei har i dag/større enn det som vert tillate dersom ein faktisk har mjølke drift og behov for meir areal/kårsel knytt til avløysar osv.? Fjellstyret bør i utgangspunktet halde seg til kommuneplanen som alle andre, og berre avvike dette når det føreligg særskilde tilfelle. I denne saka er det allereie overskrive storleiken på kårsel(sel nr 2) med at det er auka til 65 m² pga auka krav til isolasjon. Administrasjonen sitt syn er at dette bør ikkje aukast ytterlegare for å sikre framtidig likebehandling med seinare saker.

Ein skjønner utgangspunktet frå søkjer at dei har i dag ca 62 m², og at det er vanleg med bad no i dag samanlikna med tidlegare. Dette er lagt inn i vurderinga hjå kommunen når dei fastsette maks krav til 60 m² for kårsel/sel nr 2 – slik at dette er ivareta. Det blir då feil å krevje ytterlegare areal ut over dei 62 ein har for å kunne bygge bad.

Problemet med desse teikningane er ynskjet om overbygd tak med stolpar. Selet er 65 m² når ein ikkje reknar med stolpar ved overbygd tak – og er da innafor politikken om å bygge opp at med tillegg for auka isolasjonskrav. Allereie her er det over det som andre ville fått dersom dei skulle bygd nytt utan å hatt noko frå før.

Det er mogleg å bygge dette omsøkte selet med innleverte byggeteikningar utan berande stolpar. Ein skjønner imidlertid søkjer sitt syn om å ville ha lik byggestil på same stølstun. Dersom dette skulle vere aktuelt må fjellstyret ta stilling til om takutstikk på 1 meter (utan stolpe) på enden av bygget er innafor den vanlege byggeskikken i statsallmenninga. Etter administrasjonen sitt skjønn er det ikkje det, og dette ville kunne gje ein noko større presedens for andre dersom ein tillett dette.

Ang manglande uttale frå fylkeskommunen. Dei har hatt 2,5 mnd på å svare, noko dei ikkje har gjort. Administrasjonen tilrår difor å fatte eige vedtak, og ikkje innarbeide vanlige krav om at dersom slik uttale kjem bør søkjer innordne seg til dette.

Oppsummert:

Administrasjonen tilrår ei positiv haldning til å kunne bygge nytt, og dette defineres som kårsel grunna dette er mindre enn det andre bygget.

Vidare tilrår ein at bygget ikkje skal overskride 65 m² BYA, og at det må fremmast nye teikningar som er i tråd med godkjent areal utan større (frittstående) takutspring enn 50 cm som er vanleg byggeskikk.

Nye teikningar kan då godkjennast delegert av fjellstyrelen saman med administrasjonen så lenge dei er innafor dei krav som fjellstyret sett.

Om kommunen i etterkant ynskjer å behandle dette som ein dispensasjon frå kommuneplanen grunna auke i storleik over 60 m² er opp til dei (avheng og korleis dei definerer bygget – kårsel eller hovudsel).

Det føresettes at det nyttes ca same plassering som sikrer ei tunform.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, er Vestre Slidre fjellstyre positiv til at det kan førast opp eit nytt kårstel på inntil 65 m2 BYA som erstatning for eksisterande som skal rivast.

Føresetnaden for vedtaket er at det nyttas tilnærma same plassering, og at nytt bygg i utgangspunktet ikkje har større takutstikk (frittstående) enn 50 cm som er i tråd med lokal byggeskikk.

Det delegeres mynde til fjellstyreleiar saman med administrasjonen å godkjenne nye teikningar som er i tråd med føresetnaden i dette vedtaket.

Handsaming:

Terje Kjøs – forslag 1: føresler å erstatte ordet «kårsel» med ordet «sel»

Terje Kjøs – forslag 2: nytt vedtak som inneber at omsøkt bygg kan godkjennast

Forslag 1: Føresler å erstatte ordet «kårsel» med ordet «sel»

Einstemmig vedteke

Forslag 2: nytt vedtak som inneber at omsøkt bygg kan godkjennast (med ordet «Sel»)

Settes opp i mot adm sitt forslag (med ordet «sel»)

3 stemmer for Terje Kjøs sitt forslag

2 stemmer for administrasjonen sitt forslag

Nytt vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner fjellstyret framlagde teikningar på sel med berande søyler, som gjer at arealet vert auka med ca 5 m2 ut over tidlegare oppsett bygg.

Grunngeving er at dette er eit hovudsel, og vedtaket inneber oppattbygging samt behov for bad/teknisk rom. I tillegg vil berande søyler gje eit estetisk meir riktig uttrykk.

Fjellstyret meiner og at med nye isolasjonskrav, samt tilpasning til tida og tilhøve gjer at ein på generelt grunnlag må kunne akseptere noko større sel i dag samanlikna med før.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Aslag Hamre
Vestre Slidre kommune
Statskog